

Kommentar til sak om tenesteanalyse, og nivå på omstilling og innsparing

Saka gjeld:

Tillitsvalde sin kommentar til framlegg om å definere nivå på innsparing og omstilling i saka om tenesteanalyse.

Utgangspunkt

Våre prinsipielle utgangspunkt har vore at tenesteanalysen, og saka vidare skal føre til:

- At vi opparbeider eigenkompetanse på analyseområdet
- At vi vedtek realistiske ambisjonar for innsparinga og omstillinga
- At vi framleis skal ha ei forsvarleg drift og gode tenester både under og etter omstillinga

Tenesteanalysen har gjort mange interessante funn, men er etter vårt syn ikkje ferdig. Den manglar ei form for standardisering både i analyse og i konkretiseringsnivå på mogleheitene funna gir oss. Her bør ein ha som mål å konkretisere moglegheitene betre, før ein vedtek innsparingar som er særskilt omfattande. Vi er samstundes nøgde med at vi har opparbeida eigenkompetanse på analyse av eiga drift.

Vi ser det slik at saka vidare om nivå på innsparing og omstilling, så vert ambisjonsnivået for høgt og måla vert urealistiske. Vi er og uroa for om det på nokre område vil føre til uforsvarleg drift. Vi vil difor peike på dei områda vi ser på som urealistiske, og konkretisere kvifor.

Grunnskule

I eit fireårsperspektiv legg ein opp til ei innsparing på 17 mill.(4%). Dette er realistisk dersom ein er villige til å gjere strukturelle grep, men ikkje med så stor effekt i 2025 (9 mill). Effekten må i alle høve utsettast.

I eit åtteårsperspektiv legg ein opp til ei innsparing på 70 mill. Dette er tilnærma 20% av driftsmidlane. For oss er dette heilt urealistisk utan at det vert gjort omfattande strukturelle endringar. Vårt syn er difor at dette kan ikkje vedtakast utan at det vert sett i samanheng med prosjektet Kapasitet og kvalitet.

Barnehage

Her legg ein opp til at sektoren skal gjennom ei innsparing på over 20 mill.(10%) innan 2025. Auka til 40 mill. (16%) i 2027, og vidare til totalt 62 mill. (26%) i 2027. Vi ser det som heilt urealistisk å gjennomføre så omfattande innsparing med effekt i 2025. I det litt lengre perspektivet vil innsparingar i slike storleikar føre til både strukturendringar, men også til ei omfattande endring i tilbodet i tenesta i høve til dagens standard. Vi snakkar her om sommarstenging, eitt felles opptak (slutt på kontinuerlig opptak) og ein kan ikkje lenger gje plass til dei barna utan lovfesta rett.

Barnevern

Eit innsparing på 15% over fire år, og totalt ned 26% over 8 år ser vi heller ikkje på som realistisk med omsyn til dei omfattande utfordringane brukargruppene som kjem inn har i dag.

Teknisk og miljø(med fokus på samferdsle)

Ein reduksjon i tenesteområdet samferdsle med 21 mill vil føre til at ein over fire år får redusert driftsmidlane med 60%. Vi ser ikkje på dette som truverdig utan at det fører til vesentleg dårlegare tenester. Slik vi ser det vil dette mellom anna kunne føre til at brøyteavtalar må avsluttast, og

vegvedlikehald vert tatt ned til eit minimum. Parkvedlikehald må sannsynlegvis opphøyre, og etterslepet på veg og vedlikehaldet av teknisk infrastruktur vil bli endå større. Det er ikkje realistisk å sjå føre seg at dette kan gjennomførast i så stort monn.

Brann og redning

I Brann og redning vert det lagt opp til ein reduksjon i drifta over fire år som tilsvarar 6,5 mill. Dette er tilnærma 28% av driftsmidlane. For å få dette til vil opplæringa av mannskapa måtte reduserast ytterlegare, beredskapen vert svekka og det er lite truleg at krav i lov og forskrift vert stetta. Dette vil utfordre vedteken brannordning, og ein må sannsynlegvis gjere endringar i både brannordninga og dei strukturane dei har. Investering i naudsynt utstyr må også bli utsett.

Konklusjon og alternativ

Det vi prøver å peike på er at fram til no har prosjektet vore kompetansebyggande og godt på tenesteanalysen. Likevel meiner vi no at det er i ferd med å gå over i det vi ser på som overambisiøst og urealistisk, særleg innanfor dei tenesteyråda vi har kommentert.

Vårt framlegg er at ein reduserer innsparingsnivået i ein fireårsperiode ved å:

- 1) ta bort eller redusere nivået på *Handlingsrom nye tiltak* (30 mill)
- 2) Ta bort, eller redusere tiltaket *Netto driftsresultat* (20 mill).

Dette vil gjere nivået på innsparing realistisk over ein fireårsperiode.

I ein åtteårsperiode må ein justere omstillingsnivået ut i frå viljen til å gjere strukturelle endringar innan for alle tenesteyråda.

Tillitsvalde i prosjektgruppa

Stian Jakobsen, HTV Utdanningsforbundet

Janne Fugle, HTV Fagforbundet

28.02.2024